



Odd Totland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/570 - 16/4013

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
17.03.2016

Søknad fellingstillatelse på 5 grågås - vedtak

Delegasjonssak nr.:

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 17.03.2016. Det er søkt om å ta ut gås som gjer skade på slåtte- og beitemark i Leirvågen. Søknaden gjeld gbnr 128/1,2,3,5,6,7,9.

Det har i dei seinare åra vorte eit aukande problem med beiteskader av grågås i Hordaland. Jakttid for gås er 10.aug – 23. des. Sidan grågåsa startar trekket sitt før ein får tatt ut nok fugl, klarar ein difor ikkje å regulere bestanden med ordinær jakt. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre eller begrense skade på avling, og skal ikkje brukast som eit bestandsregulerande verkemiddel.

Søknaden skal handsamast etter Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon FOR 1997-09-01 nr 1000.

Det er eit krav at skaden har skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er eit kjent problem med gås i heile Nordhordland, og sidan gåsa startar beite på slåttemarka så tidleg, risikerar ein større skade på enga. Det vil, i tillegg til redusert avling, vere eit større problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gjess har på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta skal det vera eit vesentleg økonomisk tap før ein kan gje løyve til skadefelling.

Det er sauedrift og melkeproduksjon på eigedomane, og tap av avling vil kunne gje eit vesentleg økonomisk tap i forhold til drifta.

Det er krav om at det skal vere brukt andre metodar for å få bukt med problemet før ein skal gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det fungerer, gåsa forsvinn ein kort periode men kjem attende.

Skadefelling er ikkje ei god løysing på det aukande problemet med gås i regionen, og Felles Landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy i samarbeid med Landbruksfagråda og viltorgana i kommunene utarbeider nå ein forvaltningsplan for gjess.

Vedtak

Landbrukskontoret gjev Odd Totland løyve til å ta ut totalt 5 gås på innmarka på gbnr 128/1,2,3,5,6,7 og 9 om grunneigars samtykke er innhenta. Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet. Det skal takast ut ungfuglar eller ikkje-hekkande individ då det er dei som gjer mest skade. Det skal prioriterast å ta ut skadegjerande individ der skadane er størst. Løyvet gjeld fram til 10.april 2016.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 20. april 2016.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Toril Marie Mullen
leiar

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Odd Totland